



# Forskrift om felles ordensreglement for SFO

## § 1 Formål

Ordensreglementet skal fremme SFO sine mål om å vere ein trygg plass for barna utover skuletida, gje barna omsorg og tilsyn, leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar og vere tilpassa barna og foreldra sine behov, jf. vedtekter for skulefritidsordninga i Fjord kommune § 1.

## § 2 Verkeområde

Ordensreglementet gjeld for SFO i Fjord kommune. Reglementet gjeld også aktivitetar i regi av SFO utanfor SFO sitt område.

I tillegg til felles ordensreglement, har den enkelte rektor mynde til å gje særreglar tilpassa lokale forhold. Det felles ordensreglementet kan ikkje fråvikast.

SFO skal gjere tilsette, barn og føresette kjend med ordensreglementet.

## § 3 Barn sine rettar og plikter

Alle barn på SFO har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremmer helse, trivsel og læring. Alle skal bidra til eit godt sosialt miljø og behandle kvarandre med respekt og omtanke.

## § 4 Orden

Barna skal ha god orden. Det er god orden å:

Halde orden i garderobe og fellesareal. Føresette må hjelpe barna sine med å halde orden i garderobe, hulle, klede og utstyr. Barna må hjelpe kvarandre med å rydde opp leiker og rydde opp etter seg etter måltid.

## § 5 Åtferd

Barna skal vise god åtferd.

Det er god åtferd å:

- helse på kvarandre første gongen ein møtes om morgonen
- være hyggeleg og høflege mot kvarandre, og bidra aktivt til eit godt miljø for alle på SFO
- følge trafikkreglar, vere forsiktig og sjå seg godt føre i og utanfor SFO sitt område
- følgje beskjedar og vere ein positiv bidragsytar i aktivitetar
- vise respekt for SFO og andre sine eigendelar
- ikkje forlate SFO sitt område utan løyve

## § 6 Sanksjonar

Brot på ordensreglementet kan føre til følgjande sanksjonar:

- samtale/ rettleiing av vaksne
- inndraging av gjenstandar
- munnleg melding til føresette
- samtale med tilsette ved SFO
- ved alvorleg brot møtes barn/føresette og skuleleiing
- pålegg om å utføre oppgåver for å rette opp skadar som barnet er ansvarleg for

## § 7 Erstatningsansvar

Ved skade eller skadeverk på SFO sin eigendom eller utstyr kan barnet og/eller føresette bli erstatningsansvarlege.

SFO erstattar ikkje barna sine verdisaker som kjem vekk/ blir øydelagd, difor bør ikkje elevane ha med seg slike saker på skulen.

## § 8 Saksbehandling

SFO skal sørge for at avgjersle takast på eit forsvarleg grunnlag. Barnet skal ha fått høve til å forklare seg munnleg for den som skal ta avgjersla og om mogleg få høve til å gjere opp for seg. Avgjersla skal grunnast. Ved avgjersle av særleg betydning skal grunngjeving verte gitt skriftleg.

SFO bør informere foreldre/forsette om hendinga og reaksjonen som har blitt brukt. I alvorlege saker skal foreldre/forsette varsla.

Enkeltvedtak etter opplæringslova kapittel 9a følgjer saksbehandlingsreglane i forvaltningslova. Statsforvaltaren i Møre og Romsdal er klageinstans for enkeltvedtak.

## § 9 Gjeldande m.m.

Denne forskrifta er gjeldande frå 01.08.2023.